



Austevoll kommune

Finansdepartementet
Postboks 8008 Dep.

0030 OSLO

Vår ref.	Arkivkode	Dykkar ref.	Dato
10/2136-11/2067/SHO	FE-		07.02.2011

Melding om vedtak Høyring om saksbehandlingsreglar ved utskriving av eigedomsskatt

Austevoll kommune viser til departementet sitt brev av 15. november 2010.

Austevoll kommunestyre handsama ovannemnde sak i møte den 1. februar 2011, sak 010/11.
Austevoll kommunestyre gjorde følgjande vedtak:

Austevoll kommunestyre viser til høyringsnotat om saksbehandlingsreglar ved utskriving av eigedomsskatt, og har følgjande merknader:

Austevoll kommunestyre meiner at

- * Klageordning for eigedomsskatt må vera kommunal både når det gjeld verdsetjing og andre klagegrunnar.*
- * Utviding av mynde til nemndene som behandlar klager over verdsetjing vil gje ei fristilling frå kommunestyret og sikra skattytarane sin rettstryggleik.*
- * Klageordninga kan innførast ved at eigedomsskattelova §§ 19-20 vert sett i kraft.*
- * Dersom fylkesmannen vert klageinstans i saker om eigedomsskatt, bør det opnast for at kommunane kan reisa søksmål mot staten vedkomande skattevedtak til kommunen sin ugunst.*
- * Forvaltningslova bør som utgangspunkt gjelda ved utskriving av eigedomsskatt. Nokre av forvaltningslova sine reglar bør tilpassast eigedomsskatten sin karakter. Dette gjeld særleg reglane om grunngjeving av vedtak og dekking av sakskostnader.*
- * Austevoll kommune er for opplysnings- og medverknadsplikt for skattytar.*

Dette til underretning.

Med helsing



Helge Andre Njåstad
Ordfører

Kopi: KS, Eiendomsskatteforum.

